

**Fra:** Sidsel Gaupholm (sidsel.gaupholm@bkkfiber.no)

**Sendt:** 14.12.2017 22:11:53

**Til:** Hanne Espe

**Kopi:** Reidar Vorland

**Emne:** Lavterskel fysisk aktivitet for barn og ungdom 2017

**Vedlegg:**

Hei.

På grunn av manglende scanner og skriver må eg skrive heile rapporten og rekneskapen her. Beklager dette og håpar at det er greit for deg.

Vi i styret i Sund Turlag er litt usikker på kordan vi skal gå fram for å få utbetalt tilskotet...er det slik at vi skal fakturere 75 % av beløpet

eller blir utgiftene våre dekket ved at vi videresender fakturane på våre innkjøp i samband med prosjektet etterkvart som vi motek faktura frå leverandørane våre ?

Fint om vi kan få dette avklart.

mvh

Sidsel Gaupholm

Sund Turlag.

**Lavterskel fysisk aktivitet for barn og ungdom 2017**

Saksnr 2017/121-82 Sakshandsamar. Hanne Espe.

### **Rapport. frå Sund Turlag**

Sund turlag arrangerte kajakkpadling med Våtkortkurs for ungdommar i Sund kommune. med fokus på å få med utsette ungdommar som ikkje deltok i andre fritidsaktivitetar.

Turlaget samarbeidde med Ungdomskontoret i kommune for å rekruttere ungdom i målgruppa. Ungdomskontoret i Sund kommune er eit kommunalt tilbod som arbeider med å forhindre fråfalli vidaregåande skule.

Kontoret gjer både tett individuell oppfølging til utsette unge, og har ein del gruppetilbod. Dei tilsette i kontoret har god kjennskap til ungdommane i kommunen, og samarbeider tett med andre hjelpetenester for barn og unge i kommunen, og

med skulane. Det var difor lettare for Ungdomskontoret å klare å rekruttere og få med ungdommar i målgruppa vår.

Det vart sett opp to kajakkkurs i same veke. kvart kurs vara i tre timar og var avsluttande kvar gong. Det vart leigd inn kompetent instruktør som og hadde med naudsynt utstyr til å gjennomføre kurset. Deltakaren trengte ikkje ha med seg noko sjøl.

Ungdomskontoret satte, saman med ungdomsskulen, saman ei gruppe på seks elevar frå attande trinn. Dette var ei samansett gruppe der det var fokus på å velje ut nokre ungdommar som var einsame og ikkje i andre aktivitetar saman med andre unge som dei kunne knyte band til.

Tre gutar og tre jenter frå trinnet vart med. Dei vart henta av tilsette ved ungdomskontoret rett etter skuletid og køyrd til naustet der aktiviteten skulle foregå. Det er eit poeng av ungdommane vart henta rett etter skulen, då vi veit at i vår kommune er dette med skyss ofte eit problem for barn som ikkje har foreldre som kan køyre.

I naustet der aktivitetane skulle foregå fekk ungdommane varm fiskesuppe, brød og drikke, før sjølve kurset starta. Kurshaldar hadde med seg tørrdrakter til ungdommane og alle fekk på seg drakt som passa. Dei fekk så grunnleggjande innføring i sjøveit og kva som var forventa av dei.

Dei fekk også komme med ynskje om kva dei ville lære.

Gruppe to som fekk vere med var ungdommar på 17-18 år som fleire har oppfølging frå Ungdomskontoret, saman med dei var og nokre vener. Fleire av desse ungdommane er utan både dagtilbod og fritidstilbod. Det var også her med tre gutar og tre jenter. Opplegget var det same som med den første gruppa.

Då desse ungdommane var eldre kunne instruktøren og tilby eit meir avansert opplegg.

Alle ungdommane som var med fekk etter endt kurs Vårkortbeviset. og dei uttrykte alle at det hadde vore ei spennande og kjekk oppleving.

Sund Turlag har til no lagt ut kr. 15.380,- kr. i tillegg er det nytta dugnadstimar kfor kr. 8700,-.

Turlaget ynskjer at vi i løpet av våren 2018 skal få nytte resten av tilskotet til innkjøp av kajakkar med alt utstyr, som turlaget så skal ha til utlån.

Sidsel Gaupholm  
Sund Turlag.

Rekneskap Sund Turlag  
Lavterskel fysisk aktivitet for barn og ungdom 2017  
Saksnr 2017/121-82 Sakshandsamar. Hanne Espe.

Utlegg til vårkort for 12 barn/ungdomar	kr. 12.000,-
Mat til deltakarane	kr. 2780,-
Leige av naust	<u>kr. 600,-</u>
	<u>kr. 15.380,-</u>

#### Dugnadstimar for turlaget sine folk

Reidar Vorland	6 timar a kr. 300,-	
Sidsel Gaupholm	15 timar a kr 300,-	
Halvard Vorland	4 timar a kr.300,-	
Arthur Seltrø	4 timar a kr. 300,-	
Dugnadstimar:		<u>kr. 8700,-</u>